



Barne-, likestillings- og inkluderingsdept.
postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref:2011/364 0

Harøy:29.03.2012

NOU 2011:20 Høyringsuttale

Ungdommens kommunestyre i Sandøy har handsama NOU 2011:20 i møte den 17. mars 2012 med følgjande merknader:

1. Språkdrakt, innhald og omfang

Ei utgreiing som omhandlar og adresserer ungdom burde ha ei langt enklare språkdrakt. Gjennomgåande måtte vi under gjennomgangen "oversetje" innhaldet slik at det skulle bli forståeleg for ungdom. 127 sider fullskrivne med tekst kan vitne om eit godt og grundig arbeid frå utvalet si side, men samstundes blir det eit alt for stor omfang å skulle gjennomgå for målgruppa. Stikkorda blir altså for ettertida å skrive enklare og langt meir kortfatta om ein har som målsetjing å fange ungdom sitt engasjement. Ein kan jo vise til utvalet sitt tredje tiltak i kap 5, siste setning: *Det bør også utarbeidast ungdomsvennlege versjonar av viktige politiske dokument.* Her burde utvalet lære av sine egne forslag.

2. Vår tilnærming til dokument og høyringsuttale

For å kunne gje ein uttale så måtte vi i Ungdommens kommunestyre (UKS) i Sandøy konsentrere oss om kapittel 1, då med hovudvekt på utvalet sine vurderingar og konkrete forslag til tiltak i kap. 1.3 – *Hovudkonklusjonar* og kap. 1.4 – *Nærare om tema og forslag til tiltak.*

3. Merknader til kap. 3 "Skulen si demokratisering"

Alle tre tiltaka ser vi på som viktige og svært sentrale for å auke ungdommen sin kunnskap om demokratiet, særskilt punktet om at demokrati innførast som skulefag. Vår innstilling er at demokratifag i skulen må innførast snarast råd.

4. Merknader til kap. 4 "Organisasjonskanalen"

Tiltak 1:

Utvalet si innleiing til temaet korresponderer ikkje med konklusjonen i første tiltaket. (jf. vurderinga om at *rammebetingelsane for organisasjonane er gode.... Fleire av dei problema som organisasjonane opplever reflekterer generelle samfunnsendingar og kan ikkje løysast gjennom statleg tilskotspolitikk).*

Med andre ord meiner vi at problema her er for komplekse til at dei kan løysast gjennom auka tilskot til leiaropplæring.

Tiltak 2:

UKS i Sandøy sluttar seg til utvalet sitt forslag til tiltak.

5. Merknader til kap. 5 "Myndigheitsinitierte ordningar for medverknad"

Vi meiner utvalet under dette kapitlet har hovudfokuset sitt på kommunar som ikkje har eit velfungerande ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre, og at forslaga til tiltak vil hemme mange av oss som faktisk fungerer. Det er svært ulik storleik og struktur frå kommune til kommune og vi trur at å ved å legge statlege føringar for korleis vi skal vere samansett og arbeide, så vil vårt arbeid bli hemma. Fokuset bør ligge på korleis ein kan stimulere dei kommunane som manglar, eller har dårleg fungerande ungdomsråd/-kommunestyre til å bli velfungerande.

6. Merknader til kap. 6 "Valkanalen"

UKS i Sandøy er klar på at inntil eit demokratifag i skulen er innført, og dermed vil gje ungdom føresetnadene for å kunne gje stemme ved val, så bør aldersgrensene oppretthaldast slik dei er i dag. Vår påstand er at den gjennomsnittlege 16-åringen pr. i dag ikkje har kunnskapen som skal til for å kunne ta eit politisk standpunkt.

7. Merknader til kap. 7 "Digitalt medborgarskap"

Svært viktig! UKS i Sandøy sluttar seg til utvalet sine forslag til tiltak.


8. Merknader til kap. 8 "Personvern i nye mediar"

Sidan kap. 8 heng tett saman med kap. 7 vil det vere viktig å sjå desse kapitla i samanheng og spørsmålet blir om personverndelen av digital kompetanse også må bli ein del av eit demokratifaget slik at digitalt medborgarskap og personvern få ein naturleg samanheng.

9. Merknader til kap. 9 "Unge under offentleg omsorg"

UKS i Sandøy synest dette temaet er underlagt så vidt tunge lover, forskrifter og faginstansar at det blir vanskelig å meine noko om dette.

Med helsing
Ungdommens kommunestyre
i Sandøy kommune


Roy André Haugen
leiar sign.